



## Årdalstangen Idrettslag

"Laget for alle"

Hei!

ÅTIL Ski ynskjer å lufte interessa for å starte opp igjen «skileik» for dei yngre årskulla på Seimsåsen, 2-5 klasse. **Oppstart førstkommande måndag kl. 18 på Seimsåsen.**

Aktiviteten blir organisert som eit «lågterskel» tilbod der me tilpassar oss vær og føreforhold. Skigruppa koordinerer kveldane, men me er avhengige av engasjerte foreldre som kan hjelpe oss med gjennomføringane.

### Kiosksal:

Aosahytta er ein flott sosial møteplass for både ungar og vaksne. Den første kvelden vil styret i ÅTIL Ski stå for kiosksal i Aosahytta, men dersom me skal klare å oppretthalde tilbodet kvar måndag framover er me avhengig av hjelp frå foreldre. Kiosken i Aosahytta blir drifta på dugnad. Alle som kan bidra får naudsynt orientering fyrste kvelden eller påfølgande måndagar.

